



TIL

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5636 Manger

Vår ref.:

Dykkar ref.:

Dato:

O.S.Namtvedt

Vår 16/30-16/4107

04.april 2016

RADØY KOMMUNE: HØYRINGSINNSPEL KOMMUNESTRUKTUR

Radøy Idrettslag (RIL) syner til skriv frå Radøy kommune av 18.03.16, med spurnad om høyringsinnspel til intensjonsavtalar om ny kommune.

RIL er fullt klar over at ein slik type avtalar ikkje kan omtala alt innbuarane måtte lura på.

For oss er det likevel påfallande at det som vert kalla «limen i samfunnet», frivilligheita, i det heile ikkje er ofra ei linje.

RIL er ein del av denne frivilligheita,- med alle sine lag og organisasjonar-, som har som klart uttrykt mål aktivitet/trivnad i bygdene våre.

Kulturlivet er svært rikt i regionen, og dei mange frivillige burde etter vårt syn vore nemnd i ei så sentral avtale som dette, og med så store konsekvensar for bygdene i heile regionen.

For RIL gjeld dette vilkåra for å kunna driva vidare med tilbod for born/unge og vaksne innan idrettslege aktivitetar. Kva er intensjonen og lovnadane til alle desse?

For RIL gjeld det særleg spørsmål om eigarskap/drift av eigne anlegg. RIL eig i dag to(2) idrettsanlegg (grasbane fotball på Sletta og kunstgrasbane i Austmarka), og det gjeld vidare framtidig bruk av kommunale anlegg. Me er kjent med at i fleire av dei andre kommunane er kommunen mykje sterkare inne på anleggssida, og me lurar på kva me kan venta oss i ein ny kommune?

RIL ber om at ovanståande vert omtala i intensjonsavtalane, gjerne på ein måte som klargjer kva me kan venta det vert lagt opp til.

RIL vil og etterlysa omtale av frivilligheita sine framtidige vilkår i ein ny kommune, og vilkåra for det særst omfattande og viktige kulturlivet i heile regionen?

Vyrdsamt

Olav Steinar Namtvedt(s)

Leiar i RIL